



Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Referansar:

Dykkar: 28f105ee-b693-4cab-93c8-
b01baeb2a520

Vår: 18/2662 - 19/3819

Saksbehandlar:

Rolf Raknes

rolf.raknes@radoy.kommune.no

Dato:

14.03.2019

Handsaming Radøy kommune for Lingalaks AS - Søknad om å endre areal på lokalitet Toska Sør i Radøy kommune

Viser til skriv frå dykk 21.12.2018:

«Hordaland fylkeskommune ber om at Radøy kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på fire veker.

Vi ber dykk handsame/vurdere søknaden frå Lingalaks AS etter gjeldande særlover/andre interesser, og returnere uttalen til vårt kontor.»

Radøy kommune har i perioden 21.01.2019 til 19.02.2019 hatt søknaden til Lingalaks AS ute til offentleg høyring og ettersyn. Det kom ein merknad til søknaden, frå Fiskarlaget Vest.

Fiskarlaget peikar på at det må gjerast ei samla vurdering i eit større område. Dei er bekymra for rømming og luseproblematikk. Miljøpåverknad gjennom bruk av kjemikalier til reingjering er også ei bekymring. Dei peikar på at bruken av kjemikalier ikkje er godt nok konsekvensutgreidd i høve til rekefelt, fjordfiske og ville marine artar utanom laks/aure. Gytefelt og område for passiv reiskap må ivaretaast. Så lenge ny plassering er innanfor føremål for akvakultur i kommuneplanen, og ankerfester er så langt det er mogeleg festa i nærleiken, har ikkje fiskarlaget andre merknader.

Kommunen si vurdering/handsaming av søknaden:

I samband med søknad frå Lingalaks AS handsamer kommunen saka som planmynde.

Søknaden innebærer mindre flytting og noko utviding av anlegget, men i hovudsak er anlegget framleis innanfor føremål for akvakultur i gjeldande kommuneplan frå 2011. Kommunen sin vurdering er liknande det som kjem fram i merknad frå Fiskarlaget over. Så lenge ny plassering er innanfor arealføremål akvakultur, og ankerfesta så langt det er mogeleg er festa i nærleiken, har ikkje kommunen som planmynde merknader til den beskrivne flyttinga.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

